

ÅRSMØTE INDRE NORDFJORD TURLAG 2016

STRYN VIDAREGÅANDE SKULE

FREDAG 25.NOVEMBER 2016 KL. 19.00



Nordfjordingar og Sunnfjordingar på Stemneplassen

Tur Oldeskaret – Stardalen

Desidert mest folksomme turen i regi Indre Nordfjord Turlag 2016

ÅRSMØTE 2016
INDRE NORDFJORD TURLAG

Fredag 25.november kl.19.00 på Stryn Vidaregåande Skule

Sakliste:

- 1) Godkjenning av innkallinga
- 2) Val av møteiar og sekretær
- 3) Årsmelding INT 2016
- 4) Rekneskap
- 5) Jubileumsåret 2017
- 6) Satsingsområder 2017
- 7) Kort pause
- 8) Val
- 9) Eventuelt

INT – Ung –gruppa har eigen presentasjon

Bildekavalkade frå turar 2016

Velkomne

Olav Auflem

-leiar INT -



Indre Nordfjord Turlag

Årsmelding 2016

Årsmøte for 2015 vart halde på Stryn Vidaregåande Skule fredag 16.januar 2016 med 42 framømøtte inkludert styret. Olav Auflem starta årsmøtet med å ynskje dei framømøtte velkomne. I tillegg til vanlege årsmøtesaker vart det vedtatt nye vedtekter som er meir i samsvar med resten av fylket. I tråd med dei nye vedtektene skal årsmøtet haldast innan utgangen av november mnd. Det vart også vist bilder frå turar i 2015, presentasjon av turane for 2016 samt informert om den Historiske Ruta over Kamperhamrane til Skjåk. Offisielt opna av generalsekretæren i DNT Nils Øveraas 31. juli 2015. Ut av styret gjekk Benthe Kjøs, Grethe Sunde Langeset og Cato Andre Nesje. Inn i styret kom Odd Henrik Berge, Jan Skaare og Renate Berstad. Siv Solheim kom inn istaden for Kirsti Horne som er reist frå Stryn. Styret vart slik samansett for 2016.

Leiar:	Olav Auflem
Nestleiar:	Odd Henrik Berge
Sekretær:	Siv Solheim
Økonomiansvarleg:	Idar Skogli
Styremedlem	Jan Skaare
Styremedlem	Renate Berstad
Styremedlem	Hildegunn Mykløen
Varamedlem:	Oddbjørg Tonning
Varamedlem:	Lee Mikkelsen

Gruppeleiarar:

Seniorgruppa: Eivind Skjerven

Bre – og Fjellsportgruppa: Siv Solheim

Barnas Turlag: Renate Berstad

INT – Unggruppa Hildegunn Mykløen

Hyttestyret Vetledalssetra: Tor Guddal/Jon Erik Greidung/Per Jakob Kyrkjeeide og Stig Skåre.

Det har i 2016 vore halde 5 styremøter og handsama 33 saker. I tillegg til styremøta har det vore halde ulike møter der styremedlemmar har vore representert. Økonomien i laget er fortsatt god. Det spesielle i år er at vi får to årsmøter i same år, slik at årets rekneskap er avslutta pr. 31.10.2016 og ikkje pr. 31.12.2016. Dette gjenspeiler resultatet då ein tidlegare år har hatt med inntekter som vert bokført i nov./des. mnd. Medlemstalet har auka med 27 frå forrige år(7.5%) .

Hoved	Ungdom	Hønnør	Livsv.	Born	Skule	Hustst.	Fam.Hust.	Fam.h.	Sum
179	13	35	1	17	12	58	52	18	385

Turar i 2016

Totalt var det i 2016 planlagt 73 turar. Det største antal turar i INT si historie. Nokre få vart avlyst på grunn av værforhold og for lite frammøte. Frammøte vil alltid varierer, men totalt sett er styret svært godt nøgd med oppslutninga om turane våre. Det som viser seg er at turar i nærmiljøet ikkje «fengar» like mykje som turar der ein treng skyss og kjentmann. Vi har gjennom heile 2016 hatt fokus på turarrangement og markedsført oss gjennom Fjordingen/Facebook og heimesida vår. Den nye heimesida vår har blitt svært bra, så vi håpar fleire og fleire nyttar denne sida til å finne informasjon om turane. Barnas Turlag og Ung-gruppa har gjort ein kjempejobb i år, noko også årsmeldingane frå gruppene syner. Jobbing i dei ulike gruppene syner resultat. Antal deltakarar på turane har auka frå 850 i 2015 til 1250 i 2016. Kjempeflott. Å trekke fram enkeltturar er vanskeleg. Vi har hatt mange fine turar på vinter /vår og sommar. Turen over Oldeskaret må nok likevel nemnast. Over 90 deltakarar på ein og same tur, ikkje kvardagskost. Kjempeflott tur der ca. 25 kom med buss frå Indre Sunnfjord Turlag.

Turar	Antal turar/arrangement	Antal deltakarar
Fellesturar	20	250
Bre og Fjellsport	7	70
Barnas Turlag	5	700
INT – Ung	7	60
Opptur – Stryn Ungsomssk.	1	45
Seniorturar	15	60
Onsdagsturar	18	70
Sum	73	1246

Kursaktivitetar 2016

Det har ikkje vore fokus på kursaktivitet i 2016 – Dette vil ein kome sterkare tilbake til i 2017 som er Kunnskapsåret i DNT – regi. Fokus på kurs/allemannsrettar/tryggleik på turar. I samarbeid med Sogn og Fjordane Turlag har Eivind Skjerven hatt Stavgangkurs no i haust. Ikkje den heilt store deltakinga, men dei som var med fekk godt utbytte av kurset.



Turmagasinet 2015

I Turmagasinet som Sogn og Fjordane Turlag gjev ut til alle husstandar hadde vi fylldig omtale av turen gjennom Oldeskaret. Den fekk fin omtale av Anne Rundsen. Oddbjørg Tonning stod for informasjonen til Anne. Oddbjørg var også ansvarleg for turen, noko som medførte mykje tlf.aktivitet og endringar grunna stadig større påmeldingar. Vi enda til slutt opp med to bussar som måtte hente oss i Stardalen.

Utendingar 2015

Utendingar til årsmøte i Sogn og Fjordane Turlag: Siv Solheim og Renate Berstad

Utendingar til årsmøte i DNT: Olav Auflem og Odd Henrik Berge

Utendingar til årsmøte i DNT – Ung: Hildegunn Mykløen og Kristin Tonning

Utendingar til Fellesmøte Sogn og Fj. Turlag: Olav Auflem – Odd Henrik Berge – Renate Berstad og Siri Anita Bjørnes

Spesialdugnader:

Indre Nordfjord Turlag har i løpet av sommar/haust 2016 fått på plass bord både ved hytta på Vetledalssetra og på Sunndalssetra. Takk til dei som var med .

Skålabu:

Indre Nordfjord Turlag er gått inn som hyttevenn i Skålabu med kr. 25.000.00 . Indre Nordfjord Turlag har gjennom alle år nytta Skåla som turmål og utgangspunkt for tur på breen. Lenge var breturen og nedgangen til Bødalssetra fast tur til turlaget. No er ikkje breen ned mot Bødalssetra like trygg, men kanskje kan ein finne ein ny nedgang slik at denne turen kjem på kartet att.

Vetledalssetra:

Hytta har vore bra besøkt også i 2016. Hyttestyret gjer ein flott innsats med vedlikehald og supplering av mat m.m. Kunne gjerne vore nytta litt meir av medlemmane. Slit litt med at folk ikkje betalar for seg. Vi må kanskje endre litt på rutinane rundt dette, gratis overnatting tener ikkje laget.

Då gjenstår det berre for styret å takke turleiarar og alle som har vore med å hjelpt til på arrangement i 2016 for ein fantastisk innsats. Turlaget er basert på frivillig arbeid, all ære av den jobben de har gjort for laget.

Olav Auflem

Odd Henrik Berg

Idar Skogli

Siv Solheim

Jan Skaare

Hildegunn Mykløen

Renate Berstad

Årsmelding Barnas Turlag 2016



Vi starta året med ett heilt nytt styre, der vi kom inn: Renate, Kenneth, Jan, Kristel, Hilde og Jorunn Marit. Vi har og hatt nokre utskiftingar i løpet av året og for dei som gikk ut har vi fått inn Siri Anita og Ingrid. Det har vore fire møter i BT-styret dette året. I slutten av oktober var Renate og Siri Anita med på SFT samlinga som var på Matre og fekk litt innspel på somme aktiviteter.

Den første turen vi hadde var Kom Deg Ut dagen på Ullsheim den 7.februar. Der hadde vi skileik, natursti, «skiskyting»,grilling og bålrensing. Vi var så heldige at vi var samla ca. 250 stk med små og store denne dagen i fint vær.

Første søndag i mai var det familietur til Fjellgarden Sigdestad som ligg omtrent 310 meter over havet på ei fjellhulle i vakre Oppstryn. Det tar ein times gange i ei bra stigning frå parkeringsplassen og opp. Det var med omtrent 100 små og store på denne dagen. Turleiar var Jorunn Marit og Turbo..

18. juni var den årlige overnattingsturen, som i år blei lagt til skihytta på Flofjellet. Vi var med 2 stk fra styret og til sammen vart det 7 barn og 6 voksne som tok buss fra Stryn til Vollset. Vi gjekk over til Flosida og der sætra startar vart borna henta med traktor og køyrt bort til hytta. Der leika vi og grilla til langt på kveld. Neste dag var det rydding og leik før vi pakka sekkane og gjekk ned til parkeringsplassen på Flo. Der åt vi nista vår før bussen kom og henta og køyrde oss tilbake til Stryn.

Årets andre Kom Deg Ut dag, hadde vi på vakre Sagedammen den 4.september. Der var det grilling,kanopadling,bading,fisking,leik og natursti. Denne dagen hadde vi med oss 215 stk og vi var kjempeheldige med været. Og det såg ut som alle hadde det bra.

Til slutt dette året hadde vi den årlege lommelyktturen. Vi talde omtrent 31 bilar på parkeringa ved Tønningssætra. Det vart ei lang rekke med hodelykter som kom gåande opp mot Spjelkebu. Der hadde vi fyrt opp inne i grua og dei som ville kunne grille pølser og varme seg der inne. Ute hadde vi faklar og eit bål. Denne kvelden var vi samla ca. 100-120 stk.

I løpet av turåret 2016 har det vore litt varierende vær, men vi har klart og samle mange turlystne barnefamiliarm, og det er vi glade for. Eg som leiar av BT vil takke gjengen eg har hatt med meg dette året. De har vore supre. Gledar meg til ett nytt år med mange kjekke turar.

Renate- 22.11.2016

Årsmelding for Indre Nordfjord Turlag Ung 2016

Vi starta året med måneskinstur på ski på Tverrfjellet. Vi var heldige med været, og vi var 4 stk til saman.

Kanopadlinga i Lodalen var ein tur vi håpa mange ville bli med på. Ca 5 stk hadde meldt seg på då Kristine fekk ein telefon frå Motakssenteret i Førde. 9 stk kom oppover til Loen og vart med på kanopadling, noko dei aldri hadde prøvd før. Det var ein kjekk kveld på Lovatnet med pizza på bål, padling og bading for dei tøffaste! Totalt var vi 15 stk.

Vevstova på Vinsrygg skulle vitjast. Turlaget hadde nettopp kjøpt slakkline, så den var pakka med. Vi grilla pølse og prøvde oss på balanseøvingar, slakkline. Nokon fekk det til og nokon treng litt meir øving. Men kjekt var det i alle fall.

Via Ferrata skulle visst bli ein populær tur. Vi var spente på om det kom til å melde seg på nok folk for å gå, men det skulle det bli! Påmeldinga tikka inn og inn. 20 stk skulle vi bli. Det var utfordrande å drage med seg så mange i Via Ferrata. Men alle kom seg både opp og ned.

Kristine og eg Hildegunn reiste i år på landsmøte for DNT Ung. Møtet var i Bodø, på Saltfjellet hotell. Vi reiste med fly frå Anda til Oslo, der vi møtte på nokon til frå Sogn og Fjordane, før vi flaug vidare til Bodø. I Bodø fekk vi litt omvising før vi tok toget vidare til hotellet. Då vi kom fram, var det allereie komne nokre andre deltakarar frå andre fylke i landet. Denne ettermiddagen brukte vi mest til å bli kjent med andre, og kose oss. Fredag var vi på skitur til Kjemåfjellet. Ein nydeleg dag med sol og fint vær gjorde turen veldig fin og minnerik. Vel nede starta årsmøtet. Vi blei delt opp i landsdelar. Nord, vest, aust og sør. Der gjekk vi gjennom korleis det gjekk innan for kvart turlag, om vi var aktive osv.

Deretter fortsatte årsmøtet vidare med ulike saker som var sendt ut på mail før møte, men nokon saker blei også tatt opp undervegs. Det var val under møte også, nokon gjekk ut, og andre kom inn i landsstyre for ungdomen. Vi gjorde mykje anna lærerikt denne helga også, men det får vi ta igjen ein anna gong.

Vi hadde store planar om å få til ei aktivitetshelg på Voss, noko som vi måtte sette på vent til neste år. I staden reiste vi 10 spente og håpefulle ungdomar til Hoddevika for å prøve oss på surfebrett, helga den 15- 16. oktober. Første del av dagen bestod i litt enkel grunnleggande om korleis bølge blir til, kva vi måtte passe litt ekstra på, korleis vi skulle reise oss på brettet osv. Etter kvart fekk vi prøve oss i vatnet, noko som viste seg fort å vere artig, men vanskeleg. Nokon klarte til slutt å følgje bølga å stå på den heilt ut, dette var imponerande å sjå på. På kvelden laga vi taco, noko alle sette pris på etter ein fin dag. På søndag tok vi turen innom Dragseidet og Vestkapp, før vi reiste heim.

Det var kjekt å arrangere turar. Vi fekk med oss nokre som fekk smaken på turane våre og meldte seg og inn i turlaget.



Foto: Kristine Tønning

Årsmelding 2016 INT Bre og Fjellsport

Bre og Fjellsportgruppa har hatt sitt første aktive år. Medlemmar i gruppa har vore: Underteikna, Per Jakob Kyrkjeide, Vidar Dysthe og Jhnnny Hjelle.

Det var oppsett 8 turar i denne gruppa sin regi. Både skiturar og fotturar. Varierende deltaking pga veir o.l men toppturar på ski og sjølvsgt Lodalskåpa har det vore god deltaking på.

2016 har vore eit "kome i gang" for Bre og Fjellsport.

Det lykkast ikkje å få til brevandring/ leik i Blåisen i år, men dette er framleis med i planane for 2017. Det er eit ynskje og mål i INT både vaksne, barn og ungdom skal få mogeleigheit til å oppleve breane våre på nærthold

INT sin intensjon med gruppa er å utdanne/ kurse folk i brevandring, og med dette få i gang tilbod om spennande toppturar for vaksne og ungdom.

Dette skal det jobbast aktivt med framover.

Siv Solheim – leiar .



Lodalskåpa Juli 2016

Årsmelding Seniorgruppa 2016



Gruppa som var på Fjerdingsgardane

Torsdag er turdagen for deg som har fri på torsdag og har teke mot dette turtilbodet. Vi har berre hatt annonse for tilbodet i fellesannonse i fjordingen der dei vekene dette høver med onsdagsturane. Vi har ikkje slik som i oppstartåret hatt førehandsomtale av turane. Start med frammøte Strynehallen kl. 10 har verka greitt. Som det går fram av oversynet nedanfor, har det vore for dårleg oppslutnad på turane. Som oftast har vi ut frå at vi skal gje eit variert tilbod, vore med 2 turleiarar, På mange av turanng her Oddvin Teigland og leiaren berre hatt med eit par deltakarar. Dette gjer at vi på årsmøte må ta stilling til om gruppa er liv laga- Det kan vere aktuelt med ferre turtilbod og at vi avtalar eit samarbeid med andre frivillige lag og organisasjonar- Ein bør også vurdere eit samarbeid med Frisklivsentralen. Vi 2 som har vore ansvarlege for gruppa har hatt problem med å skaffe kontaktpersomar i Hornindal og ulike bygdelag i Stryn kommune.

Turane 2016

28.04.16:	...Turstien på Visnes	10 deltarar
12.05.16:	:Postvegen Faleide.Sæten	4 deltakar
26.05.16:	Vinsrygg-Ingebrikten/Hogden 10	3 deltakarar
09.06.16:	Kårstadsetra i Utvik	5 deltakarar
16.06.16	Bødalssetra Bødalsbreen	0 deltakarar (For flott ver til tur?)
30.06.16:	Segestad	0 deltakarar (Avlyst p.g.a. dårleg ver)
07.07.16:	Furefjerdingsgardane ogs� dei ytre	5 deltakaraer
21.07.16:	Garlid – Skihella	5 deltakarar
04.08.16:.....	Brenndalen	6 deltakatrar
18.08.16:	Skarsteinsetra	Avlyst p.g.a. for f� deltakar
25.08.16:	Strynesetra i H/Over Kj�shammar	6 deltakarar
01.09.16:	Sundalen- Sunndalssetra	Avlyst p.g.a. dårleg ver
08.09.16:	Hildedalen	5 deltakarae
15.09.16:.....	Sagedammen-Vetestova	6 deltakar
22.09.16:.....	Randast�len – H�gefjellet	Avlyst p.g.a. anna arrangement
Stryn/Blaks�ter 13-11.20016		

Oddmund Teigland Eivind Skjerven

Årsmelding 2016 – Vetledalshytta INT

Styret for Vetledalshytta INT har i år ikkje hatt eige styremøte. Saker og avklaringar er kommunisert på tlf. og ved meir tilfeldige samtaler. Dei enkelte gruppedelegane fører tilsyn med hytta ved eigne besøk, og utfører arbeid når det er trong for det.

Den tradisjonelle «nedvasken av hytta» vart utført den 1. og 5. mai. Det vart kosta og vaska med grønsåpe både oppe og nede. Samt skifte til reine sengeklede og gardiner. Det vart også supplert med noko matvarer som det var lite av. Do-døra vart reparert (flytta hengslene). Ny øks og ny DAB-radio vart også innkjøpt. Sjøppel vart teke med heim igjen til avfallslevering.

SFT arrangerte ikkje turen «Josten på langs» med utgangspunkt frå Vetledalsetra i år. Men i hyttetoka er det registrert nokre grupper som har gått over breen i privat regi. Pluss skuleklasse frå SVS som har overnatta i lavvo/telt ute no i haust.

INT arrangerte den 28.-29.mai fellestur m/overnatting til Vetledalsetra.

Lite oppmøte med berre 4 personar og ein hund. Deltakarane hadde det triveleg, og søndagen vart det ein liten rundtur til Seltuften på veg mot Fossen. Ut på dagen fekk vi også besøk av

to unge INT-arar pluss nokre andre som fekk seg ein kaffikopp.

Den 25.juni kom det på plass eit nytt sitjebord utanfor hytta.

Tilbakemeldingar i hyttetoka dokumenterer at besøkjande set pris på dette hytte- og overnattingstilbodet her.

Ut frå besøksprotokollen blir hytta brukt gjennom heile året.

Det er i løpet av året registrert 130 dagsbesøk og 78 besøk med overnatting.

Dagsbesøk om lag same tal som tidlegare år, medan tal overnattingar har auka med 20.

Satser derfor på å nå 100 overnattingar på hytta i 2017 !

Neste år – ordne noko meir ved og evt. tøming av utedoen.

Utgifter og inntekter framgår av rekneskapen.

Styret for Vetledalshytta

John-Eirik Greidung

Stig Skåre

Per Jakob Kyrkjeeide

Tor Guddal



Til Årsmøtet i
Indre Nordfjord Turlag

Revisjonsberetning 2016

Revisjon for 01.01. – 31.10. 2016 er gjennomført.

Alle balanseposter er kontrollerte. Inntekter og utgifter er tilfredsstillende dokumentert og registrert i rekneskapen på ein oversiktleg måte.

Rekneskapen for 2016 viser eit underskot på kr 65.604,31. Balansen viser ein eigenkapital på kr 198.119,82.

Kr 65.000 av kontingentinntekter frå DNT for 2016 er utbetalt og dermed innteksført i rekneskapen for 2015.

Rekneskapen kan etter mi meining fastsetjast som Indre Nordfjord Turlag sitt årsrekneskap for 2016.

Stryn, 21. november 2016


Jon Valaker

